

# PLAN FOR TILSYN MED BARNEHAGAR

## 2022-2026

## Innhald

1.	Innleiing .....	3
2.	Føremål.....	3
3.	Rettsgrunnlag .....	4
4.	Delegering – barnehagemynde .....	4
5.	Risikovurdering.....	5
6.	Skjøn .....	6
7.	Rettleiing .....	7
	Barnehagebesøk.....	7
	Møte med private barnehageeigarar .....	7
8.	Tilsyn.....	7
1.	Varsla stadleg tilsyn.....	8
2.	Ikkje varsla tilsyn – hendingsbasert tilsyn .....	8
3.	Dokumenttilsyn og elektronisk tilsyn.....	8
9.	Oppgåver og saksgang i tilsyn .....	9
	Førebuingsfasen .....	9
	Undersøkingsfasen .....	9
	Avslutningsfasen.....	10
10.	Evaluering .....	10
	Tilstandsrapport .....	11
	Århjul - tiltaksplan .....	11
	Mal og dokument for tilsyn .....	11
11.	Referanse.....	11

## 1. Innleiing

Dette er den første planen for tilsyn med barnehagar som er utarbeidd etter at Hornindal kommune og Volda kommune vart til «nye» Volda kommune 1. januar 2020. Gamle Volda kommune hadde saman med barnehagenettverket Sjøstjerna eit interkommunalt samarbeid om tilsyn. Det vart utarbeidd tilsynsperm «Tilsyn gir innsyn» med dokumentasjon og rutinar for tilsyn etter barnehagelova. I Hornindal kommune var det statsforvaltar i Sogn og Fjordane og barnehagemynde i Hornindal kommune som hadde tilsyn med barnehagane annakvart år.

Mykje har skjedd dei siste åra og det har kome fleire endringar som har direkte innverknad på barnehagemynde si rolle i møte med barnehagane. Frå 1. januar 2021 trådde det i kraft fleire endringar i lov om barnehagar med føreskrifter. Dei endringane som særleg vil påverke barnehagemynde sitt arbeid er krav om internkontroll, nye lovgeving rundt barna sitt psykososiale miljø, ei vurdering av kva som er barnet sitt beste i sakshandsaming og krav til likebehandling og uavhengighet.

Nye Volda kommune har 13 heildagsbarnehagar og 1 privat open barnehage. Av dei 14 barnehagane er det sju kommunale barnehagar og sju private barnehagar. Det er sju ulike private eigarar, og ingen av dei eig barnehagar i andre kommunar.

## 2. Føremål

Kommunen er pålagt å føre tilsyn med barnehagane i kommunen, barnehagelova med unntak av kapittel V med føreskrifter er tilsynsgrunnlaget. Barnehagemynde si oppgåve med å føre tilsyn med barnehagane, er heimla i barnehagelova § 53.

Føremålet med tilsyn er å sjå til at barnehageeigar følgjer barnehagelova med føreskrifter slik at alle barn får eit godt barnehagetilbod. Tilsynsplenen utdjupar barnehagemynde sitt ansvar og oppgåver for rettleiing og tilsyn med barnehagane.

Plan for tilsyn er meint å vere eit verkty for sektor oppvekst og særskilt avdeling barnehage, samtidig som det skal synleggjere for omgjevnadane på kva måte myndighets- og tilsynsansvaret blir ivaretekne. Planen skal

kvalitetssikre og synleggjere korleis kommunen arbeider systematisk med tilsyn.

Barnehagelova gir ikkje føringar for korleis eller kor ofte tilsyn skal bli gjennomført. Det er ikkje krav til metodikk, frekvens eller innhald i tilsyna, men det er forventa at tilsyn vert gjennomført når det er grunnlag for det.

### 3. Rettsgrunnlag

Som lokal barnehagemynde skal Volda kommune gi rettleiing om, og sjå til at barnehagane vert drivne i samsvar med barnehagelova med føreskrifter jf. barnehagelova § 10 første ledd <https://lovdata.no>

Kommunen skal likebehandle kommunale og private barnehagar når den utfører oppgåver som barnehagemynde jf. barnehagelova § 11. Kommunen har rett til innsyn i dokument og tilgang til barnehagelokale i den grad det er naudsynt for å ivareta oppgåver som barnehagemynde jf. barnehagelova § 10 femte ledd.

Kommunen har rett til innsyn i dokumentar og tilgang til barnehagelokale i den utstrekning dette er naudsynt for å ivareta kommunen si oppgåve som barnhagemunde jf. barnehagelova § 10.5 ledd.

Kommunen skal føre tilsyn med barnehagar jf. barnehagelova § 53. Dersom det vert oppdaga avvik, kan kommunen gi pålegg om retting av uforsvarlege eller ulovlege forhold. Dersom fristen for å etterkomme pålegget ikkje vert etterfølgd eller forholdet ikkje let seg rette, kan kommunen vedta tidavgrensa eller varig stenging av verksemda.

Lokal barnehagemynde må følgje forvaltningsrettslege reglar.

Forvaltningsrettslege reglar fyl av forvaltningslova og forvaltningsrettslege prinsipp.

Det følger av Grunnlova § 104 og Barnekonvensjonen artikkel 3 og 12, at barn og unge har rett til å bli høyrde i saker som vedkjem dei. Barnet sitt beste skal vere eit grunnleggjande omsyn i slike saker.

### 4. Delegering – barnehagemynde

Kommunestyret har det øvste tilsynsansvaret for den kommunale forvaltninga og avgjer kva for organ i kommunen som skal ha ansvar for tilsyn, jf. kommunelova §§ 10, og 13. Kommunestyret kan med heimel i kommunelova §§ 10 og 13 ved delegering avgjere kven som skal vere tilsynsmynde i kommunen. Kommunestyret har delegert ansvaret til kommunedirektør, som igjen har delegert ansvaret vidare til kommunalsjef oppvekst.

Kommunalsjef oppvekst har delegert arbeidsoppgåver knytt til barnehagemynde til avdelingsleiar barnehage. Barnehagelova pålegg kommunen oppgåver både som barnehageeigar og som lokal barnehagemynde. Det følgjer av barnehagelova § 11 at kommunen skal organisere oppgåvene den har som barnehagemynde fråskilt frå oppgåvene den har som barnehageeigar, når dette må til for å ivareta tilliten til kommunen som barnehagemynde. I tolkningsuttalelse frå Udir 17.12.2020 står det:

*«kommunen må altså ikke skille alle oppgavene, men kommunen må foreta en konkret vurdering av hvilke oppgaver som må organiseres adskilt for å ivareta tilliten til kommunens upartiskhet som barnehagemyndighet.»*

Kommunen har ei utfordrande rolle når den skal føre tilsyn med eigne barnehagar. Det er viktig å skilje mellom kommunen som tilsynsmynde og kommunen som eigar. Vi ønskjer openheit og ser at det er viktig med tanke på kommunen si rolle som både eigar, barnehagemynde og tilsynsmynde.

Volda kommune har teke initiativ til samarbeid med andre kommunar på Søre-Sunnmøre i utøvinga av stadlege tilsyn. Vi ser at det vil vere føremålstenleg med interkommunalt samarbeid om forvaltning og utøving av kommunen sitt tilsynsansvar etter barnehagelova. Det betyr at representantar frå nokre av dei andre kommunane vil delta i tilsynsteamet ved stadlege tilsyn i barnehagar i Volda kommune. Representantar frå avdeling barnehage i Volda kommune vil assistere dei andre kommunane ved tilsyn i deira kommune.

## 5. Risikovurdering

Risikovurdering skal bli lagt til grunn i barnehagemynde sitt tilsynsarbeid. Når det gjeld risikovurdering, vert tilgjengeleg kunnskap og informasjon om den einskilde barnehage lagt til grunn. Risikovurderinga skal også bli lagt til grunn når barnehagemynde vurderer behov for rettleiing etter barnehagelova § 10 og tilsyn etter § 53.

Barnehagemynde kartlegg risiko for brot på regelverket ved bruk av nasjonale og lokale kjelde, som gir informasjon om den einskilde barnehage si oppfølging av regelverket. Døme på dette kan vere årsmelding og brukarundersøkingar. Dette kan gi barnehagemynde god oversikt over den einskilde barnehage. Dokumenttilsyn og elektronisk tilsyn er eit anna døme på lokal kjelde. Barnehagen sine heimesider og medieoppslag er også aktuelle kjelder i ei risikovurdering.

Barnehagemynde nyttar kunnskapen frå risikovurderingar som grunnlag for å vurdere:

- kva for barnehagar ein skal rettleie og eventuelt føre tilsyn med
- kva for tema ein treng å rettleie i og eventuelt føre tilsyn med
- val av verkemiddel dvs. rettleie eller tilsyn
- tidspunkt for rettleiing eller tilsyn

Riskovurdering skal gi grunnlag for eit meir treffsikkert tilsyn i forhold til tema og val av barnehagar. I vurderinga vert det mellom anna tatt omsyn til kven som blir ramma og kva konsekvensar eit regelbrot kan få.

## 6. Skjøn

Barnehagemynde si oppgåve er å avklare innhaldet og intensjonen i lovkravet, og å fastsette ein minstestandard som barnehagen sin praksis kan bli målt mot.

Førarbeid til barnehagelova, rundskriv, tolkingsuttale gir utfyllande informasjon om kva som er intensjon med dei ulike krava. Føreskrift om rammeplan gir tydelege føringar på kva barn skal erfare gjennom eit pedagogisk tilbod, og kva personalet må gjere for å kunne oppnå dette. Føreskrifta gir utfyllande informasjon om lova, og gir rammer og omsyn som skal bli tatt i vare ved bruk av skjøn.

I tilsyn vil barnehagemynde sjå om barnehagen sin praksis er under minstestandard. Minstestandard blir ifølge Utdanningsdirektoratet jf.

Metodehandbok for tilsyn, definert gjennom følgjande haldepunkt:

- kva for omsyn skal avvege
- kva for kriterium skal ein leggje vekt på
- kor stor vekt skal desse kriteria ha

Barnehagemynde vil utarbeide eit kontrollskjema som er til hjelp til å konkretisere omsyn som skal takast, og kva for kriterium ein skal leggje vekt på.

Tilsyn eller rettleiing som inneber fagleg skjøn, kan gi funn som ikkje er direkte lovbro, men som likevel krev oppfølging for at kvaliteten i barnehagen skal vere tilfredsstillande. Det kan vere at det vert oppdaga mangel på rutinar eller mangelfull kompetanse. I tillegg til, eller i staden for pålegg til den einskilde barnehage, kan det vere aktuelt å organisere opplæringstiltak eller utarbeide felles rutinar for barnehagane.

## 7. Rettleiing

Som barnehagemynde ynskjer vi å vektlegge rettleiing, open dialog og gode samarbeidsrutinar. Kommunen skal gjennom aktiv rettleiing, godkjenning og tilsyn sjå til at barnehagane i kommunen vert drive i samsvar med lovverket. Rettleiing er friviljug og det betyr at barnehagemynde aktivt gir informasjon til barnehageeigar om eigarplikter i barnehagelova med føreskrifter. Det handlar om samfunnsskrav og forventningar til verdigrunnlag, rammevilkår, arbeidsmåtar og innhald som ligg i regelverket. Målet er å auke forståinga for krav til pedagogisk arbeid i barnehagane, betre etterleving av regelverket for å styrke kvaliteten i barnehagane.

Barnehageleiarane, kommunale og private, tek del på barnehageleiarmøte etter oppsett plan.

Når styrar/barnehageeigar tek kontakt med barnehagemynde for å søkje rettleiing, får dei rettleiing i tråd med oppdatert og gjeldande forståing av barnehagelova med føreskrifter.

### Barnehagebesøk

Barnehagemynde har som mål å besøkje alle barnehagane i løpet av barnehageåret. Besøket vil vare frå 2-3 timer avhengig av storleiken til barnehagen. Tema vil variere ut i frå det som kjem fram i barnehagemynde si risikovurdering. Møte er tredelt: møte med barn og tilsette, leiargruppa og styrar. Det blir utarbeidd eit referat frå møte.

### Møte med private barnehageeigarar

Barnehagemynde har to årlege møte med private barnehageeigarane og styrar. Tema på møte om hausten: gjennomgang av tilskot, tilskottssats komande år eventuelle andre avklaringar med eigar. Tema om våren: Tilskot, kompetanseutvikling – ReKomp, satsingsområde Volda kommune framover, barnehageeigar si oppgåve jf. barnehagelov, støttetiltak etc.

## 8. Tilsyn

Barnehagemynde gjennomfører ulike former for tilsyn med barnehagane i kommunen.

1. Varsla tilsyn – stadleg tilsyn
2. Ikkje varsla tilsyn – hendingsbasert tilsyn
3. Dokumenttilsyn og lektronisk tilsyn

## [1. Varsla stadleg tilsyn](#)

Risikovurderingar vil vere avgjerande for kva for tema vi skal føre tilsyn med, kva for barnehagar som blir valt ut og kva for metode som er det mest føremålstenleg. Tilsynet skal fungere både som kontroll av barnehagen sin praksis av regelverket, og det skal medverke til kvalitetsutvikling.

## [2. Ikkje varsla tilsyn – hendingsbasert tilsyn](#)

Tilsyn vert gjennomført på bakgrunn av ei uro/klage. Uroa eller klagen kan kome frå foreldre, andre kommunale instansar eller andre. Tema for tilsynet vil vere direkte relatert til informasjonen barnehagemynde har fått kjennskap til.

Dersom barnehagemynde får ei klage/meldt ei uro, vert det vurdert om innhaldet er omfatta av barnehagelova med føreskrifter. Deretter må ein vurdere metodebruken opp mot alvorsgrad i innhaldet i klagen. I nokre tilfelle vert meldar oppmoda om å ta opp klagen/uroa direkte med styrar. Det beste er at ein kan få høve til å løyse saka på lavast mogleg nivå.

I dei tilfella barnehagemynde vurderer mogleg lovbrotn på bakgrunn av innhaldet i klage og eventuelt informasjon/dokumentasjon frå eigar/styrar, blir det opna tilsyn med barnehagen. Klagen sin alvorsgrad er avgjerande for om det skal vere eit varsla eller ikkje varsla tilsyn med barnehagen.

Dei fleste tilsyn vert varsla på førehand, men i nokre tilfelle kan det vere rett å utføre eit ikkje varsla tilsyn. Eit ikkje varsla tilsyn blir ei form for stikkprøve, og det vil ofte vere naudsynt å innhente annan dokumentasjon for å belyse saka. Dersom klagen/uroa inneheld sensitive opplysningar, blir saka unnateke offentlegheit.

## [3. Dokumenttilsyn og elektronisk tilsyn.](#)

Dokumenttilsyn er eit tilsyn der undersøkingar og vurderingar er basert på skriftleg/elektronisk dokumentasjon frå barnehagane. Kartlegginga er direkte knytt til paragrafar i barnehagelova, og inneheld dokumentasjonskrav som skal vise om barnehagen er i tråd med lov og føreskrift. I dette tilsynet leverer kommunale- og private barnehagar styrande dokument som årsplanar, vedtekter og anna dokumentasjon om aktuelle tema. Dette gir barnehagemynde god informasjon om faktorar knytt til både struktur- og prosesskvaliteten i sektoren. Verktyet Reflex som ein finn på [www.Udir.no](http://www.Udir.no) er eit aktuelt elektronisk tilsyn som blir nytta.

Det blir årleg gjennomført dokumenttilsyn i barnehagane. Gjennomføring og val av tema er basert på risikovurdering.

**Oppfølgingstilsyn** vert gjennomført uavhengig av tilsynsmetode, for å undersøke om barnehagen har endra lovstridig praksis i tråd med avvik og pålegg om retting. Dette blir gjennomført når barnehagen sitt lovbroter har alvorlege konsekvensar for tredjepart (barn og foreldre), og når det er store krav om endring av barnehagen sin praksis.

## 9. Oppgåver og saksgang i tilsyn

Tilsyn etter barnehagelov kan ein dele inn i tre fasar; førebuingsfasen, undersøkingsfasen og avslutningsfasen.

### Førebuingsfasen

I førebuingsfasen hentar barnehagemynde informasjon til risikovurdering. I denne fasen blir tema valt, tidspunkt for tilsyn, rettsleg krav blir klargjort og skjønsmessige standardar blir fastsatt.

Barnehagemynde har kontrollskjema som utgangspunkt for vurderingane ein må gjere. Kontrollskjema inneholder sjekkpunkt som er til hjelp for å avklare rettskjelde, føremålet med lova og kva lova krev som minstestandard. Gjennom sjekkpunkta sikrar barnehagemynde at tilsynet er eigna til å avdekke og rette opp lovbroter hos barnehageeigarar.

### Undersøkingsfasen

I undersøkingsfasen sender barnehagemynde ut varsel om tilsyn for å informere eigar og barnehagen om at det er opna tilsyn. Varslelet inneholder informasjon om kvifor det er opna tilsyn med barnehagen, kva for tema som skal kontrollerast og kva for tilsynsmetode og informasjonskjelder som blir nytta.

Aktuelle metodar kan vere:

- intervju med eigar, styrar, personale og foreldrerepresentant
- barnesamtaler
- observasjonar
- spørjeskjema
- synfaring i barnehagen sitt leike- og læringsmiljø inne og ute
- diverse anna dokumentasjon

I etterkant av tilsynet vurderer barnehagemynde opplysningane som er henta inn opp mot kriteriene og sjekkpunkta i kontrollskjemaet, og vurderer om det føreligg lovbroter.

### Avslutningsfasen

I avslutningsfasen formidlar barnehagemynde konklusjonen i tilsynet i ein tilsynsrapport. Resultatet i tilsynsrapporten bygger på juridiske, faglege og skjønsmessige vurderingar og følger forvaltningslova sine prinsipp.

Rapporten skal beskrive tema for tilsynet, tilsynsmetode og dei rettslege krava. Det skal kome tydeleg fram kva lov og paragraf det vert vist til.

Skriftleggjering av barnehagemynde sine vurderingar og konklusjonar som kan etterprøvast, bidreg til å sikre likehandsaming av barnehagar. Føreligg det lovbro, vil barnehagemynde ta det opp på oppsummeringsmøte etter tilsyn og sende ut ein førebels rapport der barnehageeigar får høve til å uttale seg før barnehagemynde fattar vedtak. Etter at det er gitt frist for uttale blir vedtak med pålegg om retting av ulovlege forhold.

I vedtaket skal ein informere om klageinstans, klagefrist og frist for retting av avvik. Fristen for retting skal vere tilstrekkeleg slik at barnehagen skal kunne rette opp lovbrota og gi tilbakemelding til barnehagemynde om at rettinga er gjennomført.

Kva som er tilstrekkeleg for å lukke avvik, vert vurdert i kvar einskild sak avhengig av lovbroten. I vedtaket står det kva for nokre regelverksbrot som er avdekka, kva barnehageeigar må gjere for å rette dei opp og kva for dokumentasjon som er naudsynt for å lukke avvika. Målet er at barnehagen skal etablere ein praksis i samsvar med regelverket.

Dersom barnehageeigar ikkje rettar opp avviket innan fristen, kan barnehagemynde vedta tidsavgrensa eller varig stenging av barnehagen. Stenging av ein barnehage er inngripande og skal brukast ved særleg alvorlege regelbrot eller dersom regelbrot gjentar seg over tid. Dersom barnehagen blir stengt så har barnehagemynde ansvar for å finne ny barnehageplass til barna.

## 10. Evaluering

Ved å vere opne for tilbakemeldingar vidareutviklar og forbetrar barnehagemynde tilsyna til å bli meir effektive og sikre. Barnehagemynde evaluerer eige arbeid etter avslutta tilsyn. I evalueringa blir områder som tema, og sjølve gjennomføringa av tilsynet med dei ulike fasane evaluert. Evalueringa har som mål å vidareutvikle tilsyna til å bli stadig betre.

Barnehagemynde vil avslutte alle tilsyn med å evaluere tilsynet for å sjå på forbetringspotensiale saman med dei som har hatt tilsyn. Barnehagemynde

kan be om tilbakemelding på konkrete spørsmål, eller om ei meir fri tilbakemelding.

Spørsmål barnehagemynde kan bruke i evalueringa er:

- bad barnehagemynde om rett type informasjon og dokumentasjon i opningsbrevet
- fungerte kontrollspørsmåla
- fungerte kontrollskejema
- var barnehagemynde godt nok budd til tilsynet
- forsto barnehagen tilsynsrapporten og eventuelle pålegg
- klarte barnehagemynde å halde seg innanfor planlagt tid, eller tok tilsynet meir tid enn forventa?

### Tilstandsrapport

Sektor oppvekst skriv årleg Tilstandsrapport om drifta det siste året. Denne vert lagt fram for kommunestyret. Det blir då gjort greie for barnehagemynde sin aktivitet gjennom barnehageåret.

### Århjul - tiltaksplan

Årshjul for barnehagemynde blir justert etter årleg evaluering av barnehagemynde sine oppgåver. Det blir utarbeidd årlege tiltaksplanar som viser meir konkrete tiltak som er planlagt.

### Mal og dokument for tilsyn

I gamle Volda kommune vart det utarbeidd malar og dokument etter tidlegare regelverk. Vi kjem til å nytte deler av «tilsyn gir innsyn». Nokre av malane kan vi framleis nytte. Vi vil utarbeide nye maler som tek i vare nytt oppdatert regelverk. Malane skal nyttast ved tilsyn. Arkivverdige dokument til kvart tilsyn blir lagra i Websak+ (sak- og arkivsystem).

Mange

av vedlegga er henta frå Utdanningsdirektoratets metodehefte for tilsyn.

## 11. Referanse

Barnehagelova (2005). Lov om barnehagar (LOV-2005-06.17-64). Lovdata.

Forvaltningslova (1970). Lov om behandlingsmåten i forvaltingssaker. Lovdata.

Kunnskapsdepartementet (2021) Tilsyn med barnehagar.

Utdanningsdirektoratet (2019). Reflex.

Utdanningsdirektoratet (2021). Kommunens rolle som barnehagemyndighet.

Utdanningsdirektoratet. Metodehandbok for tilsyn.

Barnehagenettverket Sjustjerna – Tilsyn gir innsyn